

Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune sine Kunstnarstipend

Lagt fram til vedtak i Utval for kultur, idrett og integrering 21.04.2020

Føremål

Kunstnarstipenda skal gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnarlege uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk gjennom t.d. ein periode med fordjuping og/eller fagleg påfyll.

Stipend skal også gje merksemd til dei utvalde kunstnarskapa.

Kven kan søkje?

Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Vestland fylke. Det er krav om kunstfagleg utdanning eller høg realkompetanse.

Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell kunstutdanning / i ein grunnutdanningsfase.

Kunstnarar som mottar Statens kunstnarstipend; arbeidsstipend eller stipend for etablerte kunstnarar / seniorkunstnarar i den aktuelle perioden, kan ikkje tildelast kunstnarstipend frå Vestland fylkeskommune.

Stipendet kan berre søkjast av enkeltpersonar.

Om ein tidlegare har fått stipend frå Sogn og Fjordane eller Hordaland fylkeskommune skal det gå minst 3 år før ein vil bli vurdert for eventuelt nytt stipend.

Søknadsfrist

Søknadsfrist for tilskot i 2020 er 1.juni. Søknadsfristen for seinare år kan justerast.

Kva kan ein få støtte til?

Stipenda er meint å gje profesjonelle kunstnarar - både nyutdanna og etablerte - høve til utvikling, fordjuping og/eller fagleg påfyll. Det kan søkjast innan følgjande kategoriar:

- Visuell kunst (inkl. kunsthandverk og design)
- Musikk
- Scenekunst (inkl. dans)
- Litteratur og film
- Anna / tverrkunstnarleg verksemd (søknaden vert då handsama i to ulike komitear)

Det vert ikkje gitt støtte direkte til instrument, materiale, utstyr ol.

Krav til søknaden

Søklar må fylle ut det nettbaserte søknadsskjemaet for ordninga. Det er ikkje krav om budsjett i søknaden. Det kan visast til relevante nettlinkar og leggest ved eitt PDF-vedlegg på inntil 9 MB. Det kan lastast opp lyd- og filmfiler i tillegg der dette er relevant.

Vurdering

- Det skal leggast vekt på kandidaten sin kunstnarlege aktivitet, kvalitet og utvikling.
- Det blir lagt vekt på korleis søkjar gjennom søknaden presenterer seg sjølv, og korleis ein vil nytte ein stipendperiode til kunstnarleg utvikling/fordjuping/ fagleg påfyll.
- Det er eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfasen.
- Det er eit mål å stimulere til at det er høve til å leve og arbeide som kunstnar i alle deler av fylket.
- Det skal vere kjønnsbalanse i tildelinga – ut frå søkjarmassen som ligg føre.

Vilkår for tilskot

Fylkeskommunen kan krevje betalt attende tilskot som vert nytta i strid med gjevne vilkår.

Sakshandsaming og vedtak

Søknadane skal leggast fram for komitear for følgjande kunstformer:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)
- Musikk
- Scenekunst (inkl. dans)
- Litteratur og film

Komiteane skal setjast saman av fagfolk frå utvalde kunstorganisasjonar og -institusjonar. Det skal vere ei blanding av fagfellevurdering og anna kunstfagleg kompetanse i komiteane.

Det skal nemnast opp stipendkomitéar med medlemmar utnemnde frå følgjande organisasjonar /institusjonar:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, KODE, Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune – Seksjon for kulturformidling.

Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT Teatergarasjen, Bergen dansesenter, Teaterfestivalen i Fjaler.

Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Skrivekunstakademiet, Nynorsk kultursentrum / Olav H Haugesenteret og Vestnorsk filmsenter (2 medlemmer)

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteane. Medlemmane skal oppnemnast for to år av gangen.

Desse stipendkomitéane er rådgjevande og skal vurdere og innstille søkjarar. Innstillingane skal vere grunnjevne.

I komitéarbeidet skal god forvaltningsskikk og forvaltningslova sine bestemningar om m.a. habilitet og teieplikt ligge til grunn.

Basert på arbeidet i komiteane skal avdeling for Kultur- og idrett og inkludering – seksjon for kunst- og kulturutvikling/fylkesrådmannen ta den siste heilskaplege vurderinga og legge fram innstilling til hovudutval for Kultur, idrett og integrering som gjer endeleg vedtak i saka. Det skal tildelast minst eitt stipend i kvar kunstform om søkjarmenga er tilstrekkeleg. Vidare vil fordelinga av stipend gjerast på grunnlag av søkjartal for dei ulike kunststartane, geografi og tidlegare tildelte stipend.

Det vert ikkje lagt fram offentlege vurderingar av andre enn dei nominerte kandidatane.

Oppfølging og rapportering

Dei som får tildeling må sende inn kort rapport på bruken av stipendet innan 3 månader etter at stipendperioden er ferdig. Rapporten skal syne korleis stipendet er nytta og kva resultat mottakaren har oppnådd i perioden.

Klage

Vedtak om tildeling av stipend er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Det er såleis klagefrist på vedtaket innan 3 veker etter at det er motteke skriftleg underretning.